

Tabell A-k

Utgiftsutjamning, kommunane

Kolonne 9 viser sum utgiftsutjamning for den enkelte kommune. Utjamninga består av omfordeling som følgje av skilnader i berekna utgiftsbehov (berekna i kol. 1–5) og omfordeling som følgje av korreksjonsordninga for statlege og private skular (berekna i kol. 6–8). Summen av utgiftsutjamninga er vidare nytta i tabell 2-k, kolonne 2.

Berekninga av utgiftsutjamninga er basert på innbyggjartalet per 1. juli 2015.

Kolonne 1 – Indeks for berekna utgiftsbehov

Utrekning av indeks for berekna utgiftsbehov er dokumentert i tabell E-k. Ein indeks på 1 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov lik landsgjennomsnittet. Ein indeks på 1,1 eller 0,9 betyr at kommunen har eit berekna utgiftsbehov som er høvesvis 10 pst. over og 10 pst. under landsgjennomsnittet. Kolonnen er òg vist i tabell E-k, kolonne 26.

Kolonne 2 – Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov per innbyggjar

Utgiftsbehovet for 2016 er på landsbasis berekna til om lag 249,6 mrd. kroner, som utgjer 48 097 kroner per innbyggjar.

Kolonne 3 – Berekna utgiftsbehov i kommunen i kroner per innbyggjar

I kolonne 3 er gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov (kol. 2) på landsbasis multiplisert med indeks for berekna utgiftsbehov (kol. 1) for kvar kommune, og vist i kroner per innbyggjar.

Kolonne 4 – Omfordeling per innbyggjar i kommunen

Omfordeling per innbyggjar blir vist i kolonne 4, og kjem fram som differansen mellom kolonne 3 og kolonne 2.

Kolonne 5 – Samla omfordeling for kommunen (1000 kr)

Omfordeling utanom korreksjonsordninga blir vist i kolonne 5, og er rekna ut ved omfordeling i kroner per innbyggjar (kol. 4) multiplisert med innbyggjartalet i kommunen per 1. juli 2015 (tabell F-k, kol. 2).

Kolonne 6 – Trekk for elevar i statlege og private skular

Kommunane får eit trekk i rammetilskotet for elevar som går i statlege og private skular. For ein nærare gjennomgang av korreksjonsordninga for statlege og private skular, sjå innleiingsteksten i Grønt hefte. Til grunn for trekket ligg elevantala ved statlege og private skular per 1. oktober 2014 (tal frå Kunnskapsdepartementet).

Treksatsane per elev for 2016	(kroner)
Vanleg undervisning	84 500
Spesialskular	276 200
Opphald	291 800

Kolonne 7 – Tilbakeføring av samla trekk

Samla trekk for alle kommunar (sum for landet i kol. 6) blir ført attende til den enkelte kommune etter kommunen sin del av utgiftsbehovet.

Kolonne 8 – Nettoverknad av korreksjonsordninga for statlege og private skular

Kolonne 8 viser nettoverknaden av korreksjonsordninga, dvs. summen av kolonnane 6 og 7.

Kolonne 9 – Sum utgiftsutjamning

Utgiftsutjamninga, inkl. omfordeling for elevar i statlege og private skular, kjem fram som summen av kolonne 5 og kolonne 8. Talet blir nytta vidare i tabell 2-k, kolonne 2, som tillegg/trekk i innbyggjartilskotet.